

Retningslinjer for vigslar

Voss kommune

1. Innleiing

I samsvar med norsk lov er retten til å vigsle overført frå tingrettane til kommunane med verknad frå 01.01.2018.

Formålet med retningslinene er å lage eit opplegg som stetter vedtekne lover, forskrifter og retningslinjer for å gjennomføre vigslar i kommunen.

Retningslinene er meint som hjelpemiddel til internt bruk.

2. Vigselkompetanse

I tillegg til ordførar og varaordførar som er direkte oppnemnt etter ekteskapslova § 12 vert utpeika som vigslarar:

Einar Hauge, rådmann og Else Berit Kyte, kommunalsjef oppvekst

3. Kor og når kan vigsel gjennomførast

Alle vigslar kan gjennomførast i Tinghuset, Kommunestyresalen i ordinær arbeidstid. Andre lokale, stader og tider kan etter avtale nyttast etter ynskje frå brudepar, men brudeparet må då organisera og betala lokalet sjølve.

4. Prøving av ekteskapsvilkåra

Prøving av ekteskapsvilkåra skjer i regi av folkeregisteret, jfr. ekteskapsloven § 6.

5. Vigsling i kommunen

5.1 Før endeleg avtale om tidspunkt for vigsel skjer, bør følgjande vere på plass;

5.1.1 Brudeparet må leggje fram **prøvingsattest** frå folkeregisteret der brudeparet bur, og som ikkje er eldre enn fire månader, jfr ekteskapsloven § 10 første lekk

5.1.2 Dersom brudeparet, eller ein av dei som ønskjer å inngå ekteskap, har bustadsadresse i eit anna nordisk land, skal prøvingsattest skaffast frå heimlandet og sendast folkeregisteret der prøving av ekteskapsvilkåra skal finne stad.

Der brudeparet, eller ein av dei som ønskjer å inngå ekteskap har fast bustad utanfor Norden, skal prøvingsattest sendast frå heimlandet til Skatt Nord Hammerfest, Personregisteret, N-9613 Hammerfest.

5.1.3 Brudeparet skal **legitimere** seg for vigslar før vigsel vert gjennomført. Kun pass, norsk førarkort og norsk bankkort med bilde er gyldig legitimasjon. Det vert akseptert at gyldig legitimasjon i original er vist politi/lensmann og at det ligg føre bekrefta rett kopi. Asylsøklarbevis er **ikkje** gyldig legitimasjon. Det er viktig å vere klar over at folkeregisteret har andre reglar til krav om

legitimasjon for utsteding av prøvingsattest, enn lovens krav til legitimasjon for vigsling i kommunen.

- 5.1.4** For personar med utanlands pass, er det viktig å vere på vakt mot forfalskingar, for eksempel namn, fødselsdato med vidare. Ta om nødvendig kontakt med folkeregisteret og eller framandpolitiet for å undersøke gyldighet av legitimasjon. Politiet vil kunne avdekke falske pass.
- 5.1.5** Det vert tilrådd å krevje legitimasjon i original allereie før endeleg avtale om tidspunkt for vigsel vert avtalt. Ein bør da ta kopi av legitimasjonen som vert lagt ved dokumenta. Slik kan ein unngå å måtte avvise brudeparet ved oppstart av seremonien, av di gyldig legitimasjon ikkje vert lagt fram.
- 5.1.6** Avklar behovet for tolk. Brudeparet skaffar tolk og tek alle kostandar med tolk. Tolken skal godkjennast av vigslar. Namnet på tolken må sendast kommunen snarast. Av omsyn til tolkearbeidet, vert det tilrådd å sende vigselritualet til tolken i forkant av vigselen.
- 5.1.7** Dersom **vigslinga vert gjennomført på eit anna språk enn norsk** og ein av partane har norsk som hovudspråk, bør det vurderast om det er behov for at vedkomande forut for vigslinga får utdelt kopi av vigselritualet på norsk. (Typisk eksempel at vigslinga vert gjennomført på engelsk av omsyn til at den eine parten og den norske part har dårleg kunnskap i engelsk.)
- 5.1.8** Informer brudeparet om rammer for seremonien og avklar om det er spesielle ønskjer og eller behov. Det vert tilrådd å ha ein bevisst haldning til tidsramme for seremonien og kva innslag som er akseptable. Avklar gjerne i forkant om ringar skal setjast på.
- 5.1.9** Brudeparet må informerast om at dei sjølv må stille med to **vitne** som skal vere eldre enn 18 år. (vitna treng ikkje vere forlovarane) I spesielle høve kan vigsla tilby å stille med vitne.

5.2 Gjennomføring av vigslinga

- 5.2.1** I forkant av vigslinga, undersøk om det tidlegare er lagt fram legitimasjon i original, og om kopi ligg ved vigsel papira. Om ikkje original legitimasjon er vist fram tidlegare, må ein krevje dokumentasjon i original form før vigsling vert gjennomført. Dersom ikkje slik dokumentasjon kan leggjast fram, kan ikkje vigslinga gjennomførast. I alle tilfelle må vigslar kontrollere at brudeparet er dei som er legitimert.
- 5.2.2.** Det er ingen reglar for på kva side brudeparet skal sitte. Det kan likevel vere greitt å ha avklart dette i forkant av vigslinga.
- 5.2.3** Gjennomgå vigselritualet
- 5.2.4** Etter at vigslar har erklært brudeparet for rette ektefolk, skal vigsel boka underskrivast av brudeparet, vitnar og vigslar. Midlertidig vigselattest, i signert stand, gis til brudeparet. Dei vert informert om at original vert sendt per post frå folkeregisteret.
- 5.2.5** Vigslinga er ferdig.